



Byggmester Mjelstad As
v/Arne Mjelstad Hamre
5281 Valestrandsfossen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/236 - 23/2959

Saksbehandlar:
Stefan Karlstrøm
stefan.karlstrom@modalen.kommune.no

Dato:
25.10.2023

Vi ber om supplerande opplysningar - Gbnr. 76/101

Vi viser til søknad om å bruksendre deler av gbnr. 76/101 til campingplass, skilting for campingplassen, bruksendring av delar av eksisterande bygg til ein utleigeeining, og bygge eit tilbygg, motteken 09.10.23.

Før vi kan handsame saka vidare, ber vi om at følgjande vert ettersendt:

1. Tiltaket ligg i aktsemdsone for flaum, steinsprang og snøskred med og utan skogeffekt, så det må innhentast naturfarer rapport frå kompetente personer, normalt hydrolog i høve flaum, og geolog i høve skred.

Vi gjer merksam på at det sett tilsvarende krav i ein byggesak på gbnr. 76/103 i mars i år, så det er mogleg dei jobbar med ein rapport. De kan evt. kontakte ansvarleg søkjar, Julian Kobus Arkitektkontor på tlf. 46265077, e-post post@jk-ark.no for å evt. samkjøre rapportane.

2. Vi ber om ein kort utgreiing i høve universell utforming av badene, etter det vi kan sjå stettar dei ikkje krav til rullestoltilkomst rundt toalettet.
3. Vi ber om ein kort utgreiing i høve utleigeeininga. Er dette tenkt som ein del av campingplassen med krav til universell utforming, eller som bustad med krav til tilgjenge. Og stettar eininga krava til ein buening i høve tilgjenge, bod osv?

Vi minner om at vi ikkje kan gje rammeløyve før det føreligg utsleppsløyve, og at vi ikkje kan gje igangsetjingsløyve før det føreligg samtykke etter arbeidsmiljølova før vi kan gje igangsetjingsløyve.

Kva gjeld avkøyrsløyve og dispensasjon for veglova, sender kommunen saka over til Vestland fylkeskommune i løpet av dagen.

Vidare saksgang og generell informasjon

Saka blir sett på vent til vi har motteke dokumentasjonen som manglar. Etterlyst dokumentasjon må sendast til oss 31.01.24 elles kan søknaden verte avvist eller avslått pga vesentlege manglar.

Vi minner om at søkjar skal sjå til at søknaden er komplett ved innsending, jf. pbl § 21-2. Kommunen kontrollerer alle søknader og gjev tilbakemelding om vesentlege feil og manglar som blir oppdaga, men vi kan ikkje sjå bort i frå at søknaden fortsett manglar opplysningar som er nødvendige for kommunen si handsaming, jf. pbl § 21-2 og SAK10 § 5-4, og at det dermed kjem fleire tilbakemeldingar i saka.

Har de spørsmål til saka, kan de nå meg på tlf. 97552504 eller e-post stefan.karlstrom@modalen.kommune.no

Med helsing

Stefan Karlstrøm
Sakshandsamar
Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen signatur

Kopi til:

Harald Steinsland As

5729

Modalen

Mottakere:

Byggmester Mjelstad As

v/Arne Mjelstad 5281
Hamre

Valestrandsfossen